U. B. BERGEN
Ms. 1162/4

Gardåsen i Trysil. 20.7.27.

Kjære Lavik.

Av blada ser eg at eg er den eine av dei fire som Det litterære råd i Den norske forfatterforening i år har peika ut til stipendium av Conrad Mohrs legat. Eg ser og av notisen i blada at namna på desse fire i år ikkje er sette i alfabetisk rekkjefylgje. Men har ikkje konsul Conrad Mohr i sine legatføresegner med tydelege ord sagt at Forfatterforeningen skal nemna fire namn men sette desse i alfabetisk orden d.v.s. sette desse fire på like fot, slik at stipendieforvaltaren i Mohrs legat kvart år fritt kan peike ut dei to av desse fire som skal ha stipend?

Eg kan tenkje meg at stipendieforvaltaren for Mohrs legat vil avgjera at ein riksmåls og ein landsmålsforfattar i år skal få stipend. Av landsmålsforfattarar blir det da i år å velje millom meg og Vesaas. Eg skulde da ha all orsak til å tru at av oss to er Vesaas den som det vil koste minst å vente eit år. Eg debuterte i 1908, d.v.s. for kring 20 år attende, han derimot debuterte for berre nokre få år attende. Eg har aldri havt utanlands-stipend, Vesaas derimot har havt ein uvanleg god tur med seg til å få stipend. Eg har ingen veg komi, han derimot har alt vori både i Berlin, Paris og Rom. Eg meiner at Vesaas tok ingen skade av å vente litt-

Han burde vel enda ikkje bli brisk. Og sjølv om han vart litt briskare enn han er, vilde dette for Vesås ikkje vera noko lyte. Enno kviler over stilen hans eit sentimentalt drag. Di snarare han kan vekse dette av seg, di betre.

Eg fyller i år 40 år. Dette er da siste åre eg kan søkje Molins legat. Det lyt da for meg anten bli i år eller aldri. Eg er difor takksam om De no snaraste vilde sende nokre ord til stipendieforvaltaren i Molins legat og tala mi sak, hell åt minsto be at han vil gjera seg litt kjend med min produksjon, t.d. Rogfjorne og Tungsjøatta, og kanskje Sogesit-malom, første bande av den kulturhistoriske samlinga eg no har arbeidt med [ svært mykje tilfang er innsamla og fjorde bande skulde ut i fjor haust men økonomiske vanskar har gjort at utgjevinga heilt stansa ].

Det må undre Dykk at eg vender meg til Dykk om dette. Men De er ein av dei ytterst få – for ikkje å seie den einaste – som eg har tillit åt. Det er ikkje med meg som med Vesås. Han er ein mann med mange vener. Sven Moren m. fl. tala hans sak i Det litterære råd, Arne Falk i „Den 17. mai", Inge Debes hos Norli o.s.fr. Det stipend Vesås ikkje får det eine åre, det får han so mykje sikrare det næste. Annleis med meg. Eg er ein mann utan vener. Anten eg greier meg hell ei, det lyt bli <u>mi</u> sak.

Fekk eg no Mohrs legat, vilde eg fyrst gjera ein sving om Finnland, så innom Stockholm og Kjøpenhamn, granske litt i ymse arkivsamlingar. Derifrå beinaste vegen til syden. Vetrane her i Trysil er altfor hardt for meg. No har vi havt snøen og vinteren med ut frå sist i september i fjor og enno stit nordanvinden isande kald og kvass og enno ligg snøen alnevis djup, høgt over alle skigardane. Det er som om vinteren og kulden har eti seg djupt inn i sjala mi. Det vilde for meg kjennast som ei utløysing om eg no fekk byte Trysils kvitkalde snøfonner med Saharas brennheite sand . . .

Om De sender nokre ord til Mohrs legat, nemne da ikkje at eg har skrive til Dykk! Da vilde det heile for meg bli meir til skade enn til hjelp. Nemne heller ikkje dette til nokon annan! Det skal ikkje mykje til innan mine uvener vil kaste seg over meg og svarte meg. Det berre tida veit, det veit ingen. Men det to veit, det veit alle . . .

Med beste helsing

Haakon Garaasen